



Noregs vassdrags - og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om auka installert effekt i Steinsland kraftverk i Modalen kommune

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til at det blir gitt konsesjonsfritak for noko auka effekt på ein av turbinane i Steinsland kraftverk.

Vi viser til oversendinga 29.6.2023 som gjeld høyring av søknad om å få auke effekten i ein av dei to turbinane i Steinsland kraftverk med 5 MW. Dette vil auke slukeevna frå dagens 41,0 m³/s til 42,25 m³/s.

Vår vurdering

Det er opplyst i søknaden at køyremønsteret for kraftstasjonen ikkje vil bli merkbart endra, og at tiltaket vil påverke vasssystemet marginalt. Det er òg vurdert at planlagt auka slukeevne vil påverke Stølsvatnet marginalt, og at Steinslandsvatnet rett nedstrøms stasjonen vil bli enda mindre påverka, på grunn av den store vassoverflata der.

Vi må dermed kunne leggje til grunn at effekten av tiltaket blir liten samanlikna med verknadene av den eksisterande utbygginga. Det må føresetjast at tiltaket då heller ikkje får nemneverdig negativ effekt på lakse- og sjøauførande strekning. Statsforvaltaren har, ut frå dette, ikkje avgjerande innvendingar til at det blir gjeve konsesjonsfritak for effektauka det er søkt om.

Det blei gitt konsesjonsfritak for ei tilsvarande oppgradering i 2013, og som førte til at slukeevna blei auka frå 37,5 m³/s til dagens 41,0 m³/s. Det kan vere uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, ved gradvis å auke vassutnyttinga, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. I denne saka ser det likevel ut til at det kan vere akseptabelt å opne for ei viss justering av slukeevneintervallet.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Modalen kommune

Postboks 7900
Postboks 44

5020
5729

BERGEN
MODALEN